

Etterutsending kommunestyret 21.06.2018

PS – Prosjektplan og finansiering av parkeringsplass på Driveklepptomta, etter innkomne anbod	s. 1
PS – Stad skipstunnel og KS2	s. 4
Formannskapsprotokoll 19.06.2018 (innstillingar til kommunestyret)	s. 7
PS 87/17 Vedlegg – Uttale frå styret i VTI-symjegruppa	s. 14
PS 89/18 Vedlegg – Årsmelding Austefjord grendautval 2017	s. 20
OS – Samansetjing av fellesnemnda for nye Volda kommune	s. 21



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Totland

Arkivsak nr.: 2018/1229

Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	19.06.2018
	Kommunestyret	22.06.2017

PROSJEKTPLAN OG FINANSIERING AV PARKERINGSPLASS PÅ DRIVEKLEPPTOMTA, ETTER INNKOMNE ANBOD

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner prosjektplan med ei tilleggsfinansiering på Kr 500.000 inkl. mva for å kunne ferdigstille parkeringsplass på driveklepptomta, inklusive riving av Driveklepphuset.

Tilleggsfinansieringa vert finansiert med kr 100 000 i momskompensasjon og kr 400 000 ved overføring frå prosjekt Øyra skule.

Vedleggsliste:

Ingen

Uprenta saksvedlegg:

Ingen

Samandrag av saka:

Det er i budsjettvedtak for 2018 løyvd 1 million til etablering av parkeringsplass på driveklepptomta. Arbeidet har nyleg vore utlyst på anbod og endeleg kostnad på prosjektet er no kjend. Kostnaden ligg Kr 500.000 inkl. mva høgare enn budsjettet.

Driveklepptomta er sentralt plassert nær Volda Rådhus og Samfunnshuset. Der er tidvis stor mangel på parkeringsplassar nær rådhuset og Samfunnshuset. Med planar om utviding av Samfunnshus med kino og kulturarena, vert behov for parkering enno større. Med Driveklepptomta ferdig opparbeida og planert, står ho klar til eventuell utviding av samfunnshuset i den retning, eller som parkering for framtidig auka behov.

Saksopplysningar/fakta:

Det er i budsjettvedtak for 2018 løyvd 1 million til etablering av parkeringsplass på driveklepptomta. Arbeidet har nyleg vore utlyst på anbod og endeleg kostnad på prosjektet er no kjend. Kostnaden ligg Kr 500.000 inkl. mva høgare enn budsjettet.

Driveklepptomta er sentralt plassert nær Volda Rådhus og Samfunnshuset. Der er tidvis stor mangel på parkeringsplassar nær rådhuset og Samfunnshuset. Med planar om utviding av Samfunnshus med kino og kulturarena, vert behov for parkering enno større. Med Driveklepptomta ferdig opparbeida og planert, står ho klar til eventuell utviding av samfunnshuset i den retning, eller som parkering for framtidig auka behov.

Arbeidet vert utført til hausten, med start i slutten av september, men akseptfrist på anbudet går ut før første kommunestyremøte etter sommaren.

Med i prosjektet er riving av Driveklepphuset og riving av barnehagen oppom samfunnshuset. Det vert etablert parkeringsplass på Driveklepp tomta. Prosjektet stettar to behov: auka parkeringskapasitet kring rådhus og samfunnshus og tilrettelegging for utviding av samfunnshus/kino.

Parkeringsopparbeidinga vert berre på Driveklepphuset. Tiltaket er reversibelt med tanke på ev kulturhusbygging da det vert grusunderlag og ikkje asfaltering.

Total kostnadsoppstilling for prosjektet etter innkome tilbod er:

	<i>Eks mva</i>	<i>Inkl mva</i>
Budsjettvedtak 2018	800 000	1 000 000
Hittil brukt i prosjektet	47.000	58.750
Kostnad for riving av Driveklepphuset inkludert grusa parkering på Driveklepptomt	723.500	904.375
Kostnad konsulent utlysing og projektering	90.000	112.500
Administrasjonskostnadar og risiko	339.500	375 000
Totale kostnadar	1.200.000	1.500.000
<i>Avvik budsjett</i>	<i>-400.000</i>	<i>-500.000</i>

Vurdering og konklusjon:

Driveklepphuset er eit trugsmål mot helse og miljø, der dett stadig ned asbesthaldige bitar frå taket. Det er difor tilrådd at dette bygget fjernast snarast råd til fordel for parkeringsplass.

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Ikkje vurdert i stor grad, men relativt store mengder asbest vert fjerna og forskriftsmessig deponert.

Økonomiske konsekvensar:

Reservane som vart sett av til Øyra skule vil ikkje gå med fullt ut, og det vil vere dekning frå å overføre kr 400 000 til tilleggsfinansiering av rivingsprosjektet inkl opparbeiding av parkeringsplassar. Reduksjon i tilgjengeleg restløyving for Øyra skule.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert i stor grad, men sentrumsnære brannobjekt vert fjerna.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2014/153

Arkivkode: Q10

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Kommunestyret

STAD SKIPSTUNNEL OG KS2

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til felles oppmoding frå kommunane på Søre Sunnmøre om Stad skipstunnel og KS2

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Stad skipstunnel og KS2

Den siste kvalitetssikringa (KS2) av Stad skipstunnel har store manglar og har utelate viktige nytteeffektar av tunnelen. Viktige positive nytteeffektar som verdien av overført trafikk frå veg til sjø, auka tryggleik, positiv effekt for fiskerinæringa, næringseffekt som resultat av betre kommunikasjon (hurtigbåt) og auka utanlandsk turisme er ikkje prissett eller nemnt i det heile tatt i KS2. Stad skipstunnel er eit unikt og banebrytande prosjekt og ein har difor ingen samanliknbare prosjekt eller samfunnsøkonomiske modellar som er tilpassa ein skipstunnel.

Stad skipstunnel er eit viktig prosjekt for næringslivet langs kysten, og ei rekkje næringslivsaktørar og vestlandsfylka har difor støtta og prioritert prosjektet i sitt innspel til Nasjonal transportplan (2018-2029). For næringslivet vil Stad skipstunnel vere ei sikring av leveransar, kortare transporttid og at kvaliteten på råvarer som skal fraktast forbi Stad held seg god. Det er mykje nasjonal og internasjonal næringsrelatert trafikk rundt Stad, bl.a. innan fiskeri og havbruk, maritim industri, bergverk og turisme.

Meir gods frå veg til sjø – og hurtigbåttrute

Ei tryggare og meir effektiv segling rundt Stad vil legge til rette for at meir gods kan transporterast sjøvegen, og ein kan etablere ei hurtigbåttrute mellom Bergen og Ålesund. Ei slik hurtigbåttrute vil knyte saman Vestlandet og kysten vår på ein heilt ny måte og opne opp for ein større bu- og arbeidsmarknadsregion frå Ålesund, via den maritime klynga på Søre Sunnmøre, til Måløy/Florø. Hurtigbåttrafikk og auka arbeidsmarknadsintegrering er heilt utelate i KS2, trass i at vestlandsfylka har gjort vedtak om at dei skal utgreie hurtigbåttrute mellom Bergen og Ålesund.

Auka skipstrafikk

Skipstrafikken skal auke med 41 % fram mot 2040 (analyse frå Samferdselsdepartementet 2014). Vestlandskysten har den mest omfattande skipstrafikken og Stadhavet er ei av dei mest utsette strekningane langs kysten. Med skipstunnelen får ein sikrare passasjertrafikk også for mindre cruiseskip, hurtigbåt og kystrute. I tillegg opnar det opp for småbåtturisme, som i dag vert avgrensa av vêrtilhøva ved Stad. Eit forlis ved Stad vil fort kunne få svært dramatiske konsekvensar. Medrekna oljeforureining, tap av menneskeliv, materielle tap og vrakberging kan eit forlis påføre samfunnet større kostnader enn den faktiske prisen med å bygge skipstunnelen. I tillegg vil både bergingsaksjonar og oljevern vere særskild utfordrande i dette området.

Stad skipstunnel vil auke fiskeri- og havbruksnæringa si konkurransevne

Stadhavet er eit kritisk passeringspunkt for fiskebåtar, brønnbåtar, fôrtransport og andre typar varefrakt. Ugunstige vêrtilhøve fører ofte til at fiskebåtar ikkje kan passere Stad for å levere fangst. Det medfører færre aktuelle leveringsstadar, dårlegare prisar og kvalitetsforringing av fangsten. Stad skipstunnel vil dessutan opne for nye transportløyningar for fersk sjømat med hurtiggåande båtar som vil vere konkurransedyktige samanlikna med transportmetodar nytta i dag.

Auka internasjonal turisme

Stad skipstunnel blir den første skipstunnelen i verda, og det er stor internasjonal merksemd rundt dette prosjektet allereie. I tillegg til å ha ein verdi i seg sjølv vil tunnelen også ha store ringverknader, ved at den knyt saman mange reisemål og attraksjonar. Stad skipstunnel kan bli ein attraksjon i verdsklasse, men auka internasjonal turisme er ikkje nemnt med eitt ord i KS2.

Vår kommune forventar at planane om bygging av Stad skipstunnel i Nasjonal transportplan blir gjennomført med byggestart seinast i 2021, i tråd med Kystverket sin handlingsplan.



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 19.06.2018
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen, møte kl. 12.10	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Benedikte Holmberg, møte kl. 13.00	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Erlend Krumsvik	Anders Egil Straume	KRF
Roald Arnold Espset	Odd Arne Folkestad	FRP
Sindre Rotevatn	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef PS 107/18
Heidi Istad	Planleggar PS 92/18
Berit Sandvik Skeide	Planleggar PS 92/18
Regine Solberg Aklestad	Planleggar PS 92/18
Per Heltne	Planleggar PS 92/18
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef PS 92/18



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 105/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 106/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 107/18	Austefjord barnehage
PS 108/18	Grendautvala i Volda kommune 2018
PS 109/18	Orienteringssaker
OS 92/18	Orienteringssak kommuneplanen sin arealdel
PS 110/18	Prosjektplan og finansiering av parkeringsplass på Driveklepptomta, etter innkomne anbod
OS 93/18	Samferdselspakke Voldatunnel
OS 94/18	Samansetjing av fellesnemnda for Nye Volda kommune
OS 95/18	Referat frå styremøte i Volda Næringsforum 032018 og notat frå handelsdel
OS 96/18	Vannscooter – hvilke muligheter har kommunene til å regulere/diskriminere
OS 97/18	Stad skipstunnel og KS2

PS 105/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Ettersendte dokument 18.06.2018:

- Stad skipstunnel og KS2
- Årsmelding Austefjord grendautval 2017



Dokument delt ut i møtet:

- Vedtak frå tenesteutval for oppvekst og kultur, PS 25/18 Austefjord barnehage.
- Prosjektplan og finansiering av parkeringsplass på Driveklepptomta, etter innkomne tilbud.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om å sette orienteringssak om Stad skipstunnel og Prosjektplan og finansiering av parkeringsplass på Driveklepptomta, etter innkomne tilbud, på saklista.

Ordføraren kom med framlegg om at sak OS 92/18 vert handsama kl. 13.00.

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om status for bemanning av ROP-bustadane. Ordføraren informerte om at det vert møte med interessantane om saka 20. juni.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg og endring frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

PS 106/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 05.06.2018 vart samrøystes godkjent.

PS 107/18 Austefjord barnehage

Administrasjonen si tilråding:

1. *Austefjord barnehage vert lagt ned frå 01.08.18*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen om å legge til rette for alternative barnehageplassar for borna i Austefjorden.*



Handsaming:

Vedtak PS 25/18, frå tenesteutval for oppvekst og kultur, vart delt ut i møtet.

Sølvi Dimmen møtte kl. 12.10.

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik svar på spørsmål frå formannskapet.

Gunnar Strøm fremja framlegget frå tenesteutvalet for oppvekst og kultur:

- 1. Austeffjord barnehage vert ikkje lagt ned, då ein dei siste 2 åra ser ein auke i barnefødsjar i Austeffjord krins.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austeffjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austeffjorden eit fullverdig tilbod.*

Sindre Rotevatn kom med slikt alternativt framlegg til punkt 2.

- 2. Kommunestyret ber administrasjonen sjå på gode samordningsløyningar i Austeffjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austeffjorden eit fullverdig tilbod.*

Gunnar Strøm trekte framlegget sitt.

Sølvi Dimmen fremja framlegget frå tenesteutval for oppvekst og kultur:

- 1. Austeffjord barnehage vert ikkje lagt ned, då ein dei siste 2 åra ser ein auke i barnefødsjar i Austeffjord krins.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austeffjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austeffjorden eit fullverdig tilbod.*

Røysting (åtte røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Sølvi Dimmen og administrasjonen si tilråding. Framlegget frå Sølvi Dimmen vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom punkt 2 i framlegget frå Sølvi Dimmen og framlegget frå Sindre Rotevatn. Framlegget frå Sølvi Dimmen fekk fem røyster og vart vedteke, framlegget frå Sindre Rotevatn fekk tre røyster (Sindre Rotevatn, Gunnar Strøm og Jørgen Amdam) og falt.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 19.06.2018 til kommunestyret:

1. *Austefjord barnehage vert ikkje lagt ned, då ein dei siste 2 åra ser ein auke i barnefødsler i Austefjord krins.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit oppvekstsenter i Austefjorden, der ressursane i barnehage, skule og SFO samla kan gje borna som veks opp i Austefjorden eit fullverdig tilbod.*

PS 108/18 Grendautvala i Volda kommune 2018

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2017. Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det.

Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.

Handsaming:

Årsmelding frå Austefjord grendautval vart ettersendt 18.06.2018.

Benedikt Holmberg møtte kl. 13.00.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.06.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2017. Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det.

Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.

PS 109/18 Orienteringssaker

OS 92/18 Orienteringssak kommuneplanen sin arealdel

Handsaming:

Planleggarane Berit Skeide og Heidi Istad orienterte om planarbeidet.



PS 110/18 Prosjektplan og finansiering av parkeringsplass på Driveklepptomta, etter innkomne tilbud

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner prosjektplan med ei tilleggsfinansiering på Kr 500.000 inkl. mva for å kunne ferdigstille parkeringsplass på driveklepptomta, inklusive riving av Driveklepphuset.

Tilleggsfinansieringa vert finansiert med kr 100 000 i momskompensasjon og kr 400 000 ved overføring frå prosjekt Øyra skule.

Handsaming:

Saka vart delt ut i møtet.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.06.2018 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner prosjektplan med ei tilleggsfinansiering på Kr 500.000 inkl. mva for å kunne ferdigstille parkeringsplass på driveklepptomta, inklusive riving av Driveklepphuset.

Tilleggsfinansieringa vert finansiert med kr 100 000 i momskompensasjon og kr 400 000 ved overføring frå prosjekt Øyra skule.

OS 93/18 Samferdselspakke Voldatunnel

Ordfører Jørgen Amdam orienterte om ulike alternativ for bomløysingar.

OS 94/18 Samansetjing av fellesnemnda for Nye Volda kommune

Formannskapet var samde om å sende saka til orientering i kommunestyret.

OS 95/18 Referat frå styremøte i Volda Næringsforum 032018 og notat frå handelsdel



OS 96/18 Vannscoter – hvilke muligheter har kommunene til å regulere/diskriminere

OS 97/18 Stad skipstunnel og KS2

Saka vart ettersendt 18.06.2018. Ordføraren orienterte om saka. Formannskapet var samde om å sende saka til vidare handsaming i kommunestyret.

Møtet slutt kl. 15.10

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
20.06.2018

Sonja Håvik
førstekonsulent

Til Rådmann og kommunestyre

Vedlagt følger ei uttalling frå symjegruppa i VTI til PS 87/18 symjebasseng i sentrum

Symjegruppa i VTI-symjing – også omtalt som Voldasymjarane - er blant dei som i løpet av ei veke nyttar Voldabassenget aller mest. Vi er derfor også blant dei som i lengst tid har vore uroa over både Voldabassenget – og symjesportens vilkår vidare framover.

Symjeklubbens vurdering av planarbeidet

Representantar frå symjegruppa hadde alt for fleire år sidan møte med både tidlegare- og noverande ordførar, kor ein bad om midlar til eit framtidig symjeanlegg. Symjegruppa er derfor glad for at ein nå er kome dit at Formannskapet har gitt ei innstilling til bygging av nytt anlegg. Symjegruppa er også særst nøgd med at formannskapet går for eit forslag om eit utvida badeanlegg, framfor eit tradisjonelt opplæringsbasseng. Dette som ein ny arena for både symjesporten, symjeopplæringa og folkebadninga.

Symjegruppa er samtidig uroa over ein har lansert eit forslag om å bygge eit minimumsbasseng på 25x 12,5 m som verken stettar idrettens primære behov for eit konkurransebasseng, og dei faktiske behov symjeklubben alt har.

Symjegruppa ser eit behov for et mykje større 25 meters basseng, med ei utvida bredde på 21meter, som gjer det mogleg å nytte anlegget til både trening og kommersiell drift. Vi ynskjer oss samtidig eit konkurranseanlegg av nasjonalt format, med både stupebrett og stupetårn.

Eit tilbakeblikk

VTI-symjing har ei historie som strekker seg tilbake til tidleg 60-talet, og har gjennom tida fostra mange gode symjarar av regionalt og nasjonalt format. Mykje av dette skuldast at Volda alt i 1963 fekk ein ny og flott symjehall, som trakk til seg både studentar og nye innbyggjarar med interesse for symjesporten. Fasilitetane gjorde det mogleg å arrangere større symjestemner og meisterskap på elite-nivå, med deltaking frå dei mest profilerte symjeklubbane og utøvarane i landet. Ikkje berre i symjing, men også stup og andre øvingar. Slik er det ikkje lenger.

Det berømte julelauget arrangerast etter tradisjonen framleis kvart år, men er også det einaste symjestemne som klubben no arrangerer. Symjestemnet er ikkje lenger eit elite-stemne, men eit populært arrangement for fleire klubbar og utøvarar på regionalt nivå. I åras

løp har tilsvarande-, nyare- og større symjehallar, samt symjeanlegg blitt utbygd mange stader i landet. Symjesporten har samstundes fått innpass hos eit breiare lag av befolkninga og nye klubbmiljø. Voldasymjarane lever framleis gode resultat, men for dyktige voldasymjarar som kvalifiserer seg til nasjonale meisterskap og stemner på eit høgt nivå, er treningstilbodet på inga måte optimalt eller godt nok. Voldasymjare som ynskjer å satse og profesjonalisere seg

innanfor symjesporten, vel derfor i relativt ung alder å flytte på seg eller etablere eit treningssamarbeid med større klubber.

Symjeklubbens noverande status og behov

I tillegg til det idrettslege aktiviteten drifter symjegruppa ei rekke symjekurs for ulike delar av befolkninga, og eit tilbod om folkebadning. Alt saman ved bruk av kvalifiserte instruktørar og trenarar, og ein kontinuerleg dugnadsinnsats frå livreddarar og andre frivillige. I dei siste åra har ein også tilbydd eigne symjekurs for førskulebarn, som ledd i ei offentleg barnehagesatsing. Dette vurderast å vere eit tilbod som etter kvart vil krevje langt større merksemd og oppfølging.

Kursinntektene har med dagens bassengleige gitt oss ein leveleg økonomisk situasjon, men vi er stadig ein relativt liten klubb. Ein symjeklubb som hovudsakleg drivast på dugnad, utan eiga idrettsanlegg slik dei fleste andre idrettsgreiner har fått etterm og utan økonomiske musklar til å for eksempel kunne løna ein trenar på heiltid. Potensialet for auka medlemsvekst er likevel til stades. På same tid er bassengkapasiteten langt på veg sprengt, ved at vi alt i dag må køyre parallelle treningstider for ulike treningsgrupper i bassenget samtidig. I forkant av desse treningane har ein da også gjennomført kursaktivitet som er meint å møte behovet for symjeopplæring hjå både mindre born, og andre prioriterte grupper.

Mangelen på auka bassengtid gjev heller ikkje rom for å kunne utvikle nye treningstilbod. Dette vere seg stup, vannpolo, synkronsymjing, tilbod om vann-yoga, vann-aerobic, eller eit organisert treningstilbod for mosjonistar, som vi ser etablert andre stader i landet. Vedlagt følger ei oversikt over ulike leigetakarar til bassenget

Press på bassengtida og dugnadsarbeid fordelt på få hender, har også ført til eit redusert tilbod om folkebadning. Siste året avgrensa til det mange omtalar som «familiebadning» ein gong pr. veke, med småbarnsfamiliar som den viktigaste besøksgruppa. Stup, hopp og borns leik – definerer mykje av innhaldet i folkebadninga, men inneberer samtidig at berre ein liten del av bassengområdet kan nyttast til trening og mosjon for andre. Liknande situasjonar vil vere pårekeleg om ulike aktivitetar skal avstemmast i eit nytt og smalt Voldabasseng.

Symjing er ein idrett som er avhengig av mykje bassengtid og tenlege treningstider på ettermiddag/kveld. Symjegruppa i Volda er som symjegrupper andre stader avhengig både av trenarar, instruktørar i tillegg til kursdeltakarar og symjarar for å kunne gjennomføre ein planlagt aktivitet. Det meste av aktiviteten vil derfor måtte leggjast til ettermiddag og kveld – og i beste opningstida for eit nytt folkebad. Dette er kjernen av problemet!

Symjeklubben er derfor opptatt av at ein byggjer eit basseng som er bredt nok til å oppretthalde noverande aktivitet, sjølv om også andre brukargrupper er til stades. Alternativet er at kommunen må halde anlegget stengt for publikum mellom t.d. kl 16.30 og 20.30 på kvardagar. Dette i tillegg til å halde opplæringsbassenget stengd, på kanskje fem timar i veka mellom kl 17.30 og 19.30.

Symjeklubben meiner derfor at det einaste alternativet for å kunne ivareta idretten sitt behov, og sikre ein forsvarleg drift av symjeklubben, er bygging av eit mykje breiare basseng. Bredda på bassenget må da ha ein storleik som gjer det mogleg for symjeklubben å nytte 3-4 baner på ettermiddag/kveld når kursdeltakarar og aktive symjarar har fri frå skule. I tillegg vil symjeklubben ha behov får å ha eksklusiv tilgang til den djupaste delen av anlegget i om lag 2 timar i veka for å kunne gjennomføre stupekurs. For sjølv i eit ordinært konkurranserbasseng på 25 x 15,5 m dette verte eit problem, når andre besøkjande samtidig kjem for å hoppe, stupe, drive med mosjon og nyttegjere seg dei andre fasilitetane.

Symjeklubben tilrår derfor bygging av eit basseng med ei breidde på 21 m!

Kvifor eit konkurranserbasseng?

I kommunedelplanen er det ei målsetting at Volda og Ørsta skal vere eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar. Symjeklubben registrerer at dei største og mest profilerte symjeklubbane i dag er lokalisert kring større byar med symjeanlegg som kan nyttas til både større symjestemner og andre arrangement.

Bygging av eit symjeanlegg er eit stort økonomisk løft, men er ein investering i rolla som Volda skal ha som regionsenter, og bør være dimensjonert deretter.

I Ulsteinvik har dei allereie etter få månaders drift no vedtatt at dei skal utvide med fleire sklier. I det nye bassenget stimar det i periodar av besøkande. Bruk av sklier vurderast derfor som eit tiltak for å kunne spreie folk meir utover i anlegget. Symjeklubben har stor tru på at eit enda betre anlegg i Volda, vil måtte bli minst like populært, og at det vil bli flittig brukt av både studentar, innbyggjarar i kommunen og omlandet rundt.

Etter det symjeklubben kjenner til har verken Sunnmørsbadet eller Ulsteinbadet dei spesifikasjonar som kravs for å kunne arrangere større regionale – eller nasjonale stemner. Volda vil med eit nytt og stort konkurranselanlegg, kunne reetablere seg som eit viktig regional sentrum for symjesporten.

Eit større konkurranselanlegg, med mange baner, kor det er lagt til rette for avvikling av større stemner, og ev. treningssamlingar i lag med andre symjeklubar vurderast elles å ha stor økonomisk verdi for symjeklubbens drift og sportslege utvikling.

Rådgivande rapportar og anbefalingar

Symjeklubben finner i det alt vesentlege å kunne slutte seg til innhaldet og anbefalingane i rapporten frå Asplan. Symjeklubben undrar seg likevel over at rapporten ikkje i inneheld nærare

referansar til dei utgreiingar og anbefalingar som alt tidlegare er utarbeida av anleggsgruppa i Norsk Symjeforbund NSF og som også er gjort tilgjengeleg på symjeforbundets heimesider <https://svomming.no/forbundet/svommeanlegg/> . Her finner ein også informasjon om gjeldande spesifikasjonar for symjeanlegg og godkjente konkurransebasseng (oppdatert mai 2018), forbundets anleggsplan for symjeanlegg og forbundet sitt særlege «Strategidokument for bruk, bygging og forvaltning av symjeanlegg» Sist nemnde dokumentet blei publisert første gong 2006, men vurderast fortfarande å ha relevans for dei vedtaksprosessar som no går føre. Eit utdrag av enkelte punkter i dokumentet, fylgjer vedlagt for orientering.

Konklusjon.

Når saka om bygging av symjeanlegg no skal opp i kommunestyret, må det tas høgde for dei behova som symjegruppa her har forsøkt å peike på. Anlegget må stette mange og avstemte krav. Ikkje berre til innbyggjarane og besøkande som nyttar anlegget til mosjon, leik og moro, men også til at det nye anlegget er formålstenleg for idretten, og dei symjeopplæringstiltak som symjegruppa skal stå for. Dette også med omsyn til treningstider og tilgang på nok bassengtid.

Symjegruppa meiner på denne bakgrunn at storleiken på eit nytt Voldabasseng må vere langt større enn det som går fram i innstillinga frå Formannskapet, med ein bredde på 21 meter.

Vedlagt følger – Timeplan som syner utleige av symjehallen i regi av HiVo

- eit utdrag av strategidokument frå NSF, utarbeidd av Anne B. Halleråker

Nedanfor presenterast eit utdrag av eit dokument utarbeida av NSF, med informasjon om kva som skal til når ein planlegg bygging av symjeanlegg, og kva behov som er i ei kommune. På svømming.no er det detaljerte beskrivelsar på dei aller fleste felt når anlegg skal byggjast. Her er eit par punkt, men det er mykje viktig informasjon å lese i sjølve dokumentet som er tilgjengeleg på NSF sine heimesider <https://svømming.no/forbundet/svømmeanlegg/>.

I strategidokument –bruk bygging og forvaltning av svømmeanlegg frå februar 2006

2.4.1.2 Folkeaktivitetene i form av regelmessig fysisk aktivitet; gangturer, sykling, ski og svømming. Fotball bedrives kun av 9% av befolkningen, og bare 3% spiller håndball. Svømming brukes til regelmessig fysisk aktivitet av 24%. Svømming er dermed nærmere tre ganger så vanlig som fotball og nærmere 10 ganger mer utbredt som fysisk aktivitet enn håndball. I Norge er det også vanligere å svømme for å holde seg i aktivitet enn å ta seg en joggetur..! Treningsstudio (14%) som fremheves i reklamekampanjer i aviser og Tv landet rundt er bare halvparten så populært som svømming som knapt ser medias lys. Gangturer (41%) og sykkelaktiviteter (37%) troner fremdeles på aktivitetstoppen, da alt man trenger å gjøre er å ta på seg skoene eller hive seg på sykkel.

2.5.3 Hver enkelt kommune bør ha en langsiktig strategi for bassengdekningen.

2.5.3.1. Kommune og stat trenger en helhetlig strategi for å bedre helsen til de risikogrupperne som koster samfunnet mest. Å satse på svømmeanlegget, i samarbeid med satsing på gang og sykkelstier samt skiløyper, fremstår som den mest farbare veien for å bedre helsen til de risikogrupperne som koster samfunnet dyrest.

2.5.3.2. Å skille mellom ”investeringer” i helsepolitikk og ”utgifter” til utbygging av svømmeanlegg torpederer mulighetene for å utforme en langsiktig strategisk helsepolitikk både lokalt og nasjonalt.

3.4.2.4.1. Svømmeidretten lever under svært ulike vilkår lokalt, da kommunene gir ulike rammevilkår for at unge skal kunne velge svømming

som mosjons- eller idrettsaktivitet i organisert form. Mange steder avspises idretten med under 3 % av anleggets bassengtimer, mens i andre er man oppe i rundt 20 %. Landsgjennomsnittet er 7,4 %. Til sammenligning disponerer idretten 98% av tiden i vanlige idrettshaller.

3.4.2.4.2. Å øke idrettens andel av svømmeanleggets bassengtimer kan gjøres smertefritt om man har grunnleggende kunnskap om bassengfordeling og inndeling. Våre anlegg kan og skal aktivisere flere brukergrupper samtidig. Dette vil si at det er fullt mulig å organisere bassengbruken slik at publikum og svømmeklubben kan disponere tid samtidig. Om nødvendig må dette pålegges kommunene som har mottatt støtte fra spillemidlene, da støtten innebærer en plikt til å holde anlegget åpent for den organiserte idretten i 40 år.. Det må derfor legges til rette for en hensiktsmessig drift av den lokale svømmeklubb.

Årsmelding Austefjord grendautval 2017

Styret for Austefjord grendautval har denne perioden vore:

Leiar: Lise Ekros

Nestleiar: Astrid Gjersdal

Sekretær: Beate Nes

Kasserar: Kjell Hamre

Styremedlem: Kjell Rune Førde

Vara: Maria Sundal

Styret har hatt 5 styremøte i 2017).

Grendautvalet har også vert vertskap for 1 folkemøte i 2017 (Breiband)

Styret har jobba med desse sakene:

- Kulturminner i Austefjorden
- Reklamefolder for Austefjorden
- Breiband, kartlegging
- Julegrantenning i Austefjorden
- Samarbeid med NRK om sending frå Austefjorden.

I tillegg har representantar for grendautvalet delteke på møte om Austefjordhelg, kulturminner i Austefjorden og deltatt på NRK Møre og Romsdal sin radiosending frå Paddeland i Austefjorden 3. mai 2017 og gjennomført TV-aksjonen i Austefjorden

14.06.2018

For grendautvalet

Beate Nes



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

OS

NOTAT

Til: Ordfører
Frå: Inger-Johanne Johnsen
Sak: Samansetjing av fellesnemnda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2018/1065	7901/2018	033	SVK/INGJOH	11.06.2018

SAMANSETJING AV FELLESNEMNDA FOR NYE VOLDA KOMMUNE

Fellesnemnda for Nye Volda kommune er sett saman av fem kommunestyrerepresentantar frå Hornindal kommune og fem frå Volda kommune, vald av kommunestyra i dei to kommunane.

Samansetjing basert på innbyggjartal eller partimessig fordeling?

Kommunestyregruppene for Volda Kristeleg Folkeparti, Volda Høgre og Volda Framstegsparti stiller spørsmål ved om val av nytt medlem til Fellesnemnda (KST sak 66/18) er i samsvar med inndelingsloven, i og med at den partimessige fordelinga ikkje er vektlagt ved val av ny representant. Etter vedtaket i KST sak 66/18 har Senterpartiet totalt fire av 10 representantar i fellesnemnda (to frå Volda og to frå Hornindal).

Kommunestyregruppene for KrF, H og FrP viser til § 26 i inndelingslova der det at «Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane...», og hevder at «det må kunne reisast sterk tvil om 40 % Senterparti-representasjon speglar innbyggjartalet i Volda (eller Nye Volda)».

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har stadfesta at inndelingslova refererer til *innbyggjartal* og ikkje den *partimessige* fordelinga av representantar i fellesnemnda. Det er fleirtalet i kommunestyret som avgjer kven som blir valt som Volda sine representantar i fellesnemnda.

Er valet av nytt medlem til fellesnemnda gjennomført i samsvar med kommunelova (KL § 16 nr 3)?

Det har blitt stilt spørsmål ved om det er korrekt at når Fride Sortehaug som representerer Venstre, fekk fritak, så blei det valt eit medlem frå samarbeidskoalisjonen Arbeiderpartiet, Venstre, Senterpartiet, Partiet dei Grøne og Sosialistisk Venstreparti. Skal ein Venstre-representant erstattast med ein annan frå same parti, eller er det samarbeidskoalisjonen som skal sette fram forslag om nytt medlem frå si gruppe?

Kommunelova §16 nr 3 omtaler opprykk og nyval:

Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomité og fylkestingskomité trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. (...)

21



VOLDA KOMMUNE Servicekontoret

Fylkesmannen stadfester at Kommuneloven §16 nr 3 refererer til «gruppe» og at dette skal tolkast slik at dersom fleire grupper har samarbeidd ved det opprinnelege valet, så skal desse definerast som gruppe i heile valperioda. Dette betyr at gruppa kan vere ein samarbeidskoalisjon og ikkje nødvendigvis berre det parti den som fekk fritak, tilhørde.

Manglande møteinnkalling til møte nr 2 i valnemnda 26. april 2018

Valnemnda hadde to møte på same dag som det var kommunestyremøte, begge møta var «i» kommunestyremøtet/før kommunestyremøtet blei avslutta. Møta i valnemnda var i samband med kommunestyret si handsaming av saka om fritak frå politiske verv for Fride Sortehaug og val av ny medlemmer til div. utval i hennar stad.

Det vart imidlertid berre sendt ut innkalling til det første valnemndsmøtet (kl. 14.00) og ikkje til det siste valnemndsmøtet (kl. 16.00).

Fylkesmannen i Møre og Romsdal påpeiker at den manglande møteinnkallinga til møte nr 2 er ein sakshandsamingsfeil, men at det likevel ikkje får direkte betydning for vedtaket. Fylkesmannen seier at dett gjeld i endå større grad dersom feilen ligg i ei rådgjevande nemnd (slik som valnemnda er).

Fylkesmannen stadfester med andre ord med at

1. Inndelingslova refererer til *innbyggjartal* og ikkje den *partimessige* fordelinga av representantar i fellesnemnda, jf. § 26 i Inndelingsloven.
2. Det er korrekt at det er samarbeidskoalisjonen (dei rød/grøne) som skal få erstatta sitt medlem i fellesnemnda, og ikkje nødvendigvis eit medlem med same partitilhøyrihet som den som trer ut av nemnda.
3. Sakshandsamingsfeilen som blei gjort ved at det ikkje var sendt ut møteinnkalling til valnemndsmøte nr 2 (26. april 2018), får ikkje direkte betydning for det materielle innhaldet i kommunestyret sitt vedtak om val av nytt medlem til fellesnemnda.